



Finansdepartementet

Sendt som e-post

Vår referanse
11/297/11/2918/ASK/TR

Arkivkode
FE-232

Dykkar referanse

Dato:
07.07.2011

**EIGEDOMSSKATT KRAFTVERK - UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE TIL
FRAMLEGG OM NYTT REGELVERK MAKSTAKST**

Me melder med dette frå om at det er gjort følgjande samrøystes vedtak av kommunestyret i Samnanger i sak 26/11:

KS-026/11 VEDTAK:

Maksimumsverdi på eigedomsskatten på kraftverk er i dag i strid med Stortingets formål med Kraftskattereforma av 1997. Eigedomsskatten på kraftverk har vorte ei avgift som *ikkje* er ein funksjon av lønsemda i kraftverket slik intensjonen var.

1. Samnanger kommune meiner at grunnlaget for å oppretthalda reglane om minimums- og maksimumstakstar for eigedomsskattetakst på kraftverk ikkje er til stades, og reglane må fjernast.
2. Samtidig med regelendringa må kapitaliseringsrenta på kraftverk aukast (5-5,5%) og vera stabil over lang tid.
3. Maksimumsverdien tek frå vertskommunane retten til ein del av den framtidige verdiskaping som kjem frå ein unik naturressurs til fordel for staten og dei store kraftsverkseigarane.
4. Maksimumsverdi kan føra til at kommunane i framtida ikkje vil vera like positive til utbygging av ny vasskraft. Det same vil også gjelda for anna fornybar energi.
5. Maksimumsverdi verkar konkurransevidande
 - a. De mest lønnsame kraftverka får den største skatterabatten
 - b. Det er ingen maksimumsverdi på småkraft, vindkraft, bioanlegg, m.

Med helsing

Tone Ramsli
rådmann

Kopi til:
LVK